

200 kilo fisk passert

08.08.2013

Det er strengare fiskereglar i år enn i fjor, men fangststatistikken syner jevne og gode fangstar og no er 200 kilo passert. Statistikken inneheld rundt regna 100 fiskar og det betyr ein snittstorleik på 2 kilo. Det fortel igjen at det er fanga relativt mange sjøaurer og relativt få laksar av stor storleik. Fordelinga mellom laks og sjøaure er da også omtrent 50/50

Først i statistikken ligg framleis Ove Eidsvåg med ein fisk på 9,7 kilo. Sidan siste melding om fisket har Frank Pedersen frå Danmark fått den største og den var på 7,4 kilo.

Fisketilhøva var i varmeperioden ikkje så mykje å skryte av, men dei tok seg opp rundt siste helg, noko som går klårt fram av statistikken!

Av Ola Matti Mathisen.